



Rune Gripsgård
Gripavegen 72
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1640 - 18/15731

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

16.07.2018

Varsel om arbeidsfrist SMIL 2015 tilskot til gjerding

Arbeidsfristen for ditt SMIL-prosjekt med saksnummer 15/1640 går ut 01.10.2018.

Regelverket for SMIL-ordninga opnar for ein maksimal arbeidsfrist på 5 år. Til no har det berre gått tre år, og du har såleis høve til å søkje om utsett frist med inntil to nye år. Dersom du ynskjer slik utsett frist for å kunne gjennomføre prosjektet det her gjeld, ber me om at du sender ein kort søknad om dette. Med søknaden bør det og følgje grunngjeving for kvifor det er naudsynt med utsett frist.

Dersom tiltaket det gjeld er ferdig, må du sende melding til landbrukskontoret om det. Med meldinga må følgje dokumentasjon på utgifter til materiell, og timeslister som syner kva tid du har brukt på arbeidet. Om kommunen finn dokumentasjonen i orden, og synfaring syner at kvaliteten på arbeidet er ok, kan pengane betalast ut.

Dersom landbrukskontoret ikkje får søknad om utsett frist, eller melding om at tiltaket er ferdig, innan **15.10.2018** frå du mottek dette brevet, vil pengane som er sett av til tiltaket verte trekt attende, Jf. vilkår som er sett i løyvingsbrevet om dette.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Mottakere:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Rune Gripsgård

Gripavegen 72 5918

FREKHAUG

